



FISKERIDIREKTORATET

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291 VALESTRANDSFOSSEN

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon

Vår referanse: 15/9243

Dykkar referanse:

Vår dato: 16.07.2015

Dykkar dato: 06.07.2015

Att:

RADØY KOMMUNE HORDALAND - DETALJREGULERING AV MANGER INDUSTRIOMRÅDE KJBOGEN GNR45 BNR10 MFL - UTTALE

Vi viser til skriv av 03.07.2015 frå Arkoconsult AS med varsel om oppstart av arbeid med privat detaljregulering og høyring av forslag til planprogram.

Om detaljreguleringa

Reguleringsområde ligg ca. 2 km vest for Manger sentrum langs vegen til Toska kor det er etablert industriområde som vert eigd av Radøygruppen AS. Planområdet inkluderer både land- og sjøareal og er i oppstartsmeldinga oppgjeve å vere 111,41daa. Føremålet med detaljreguleringa er ifølgje oppstartsmeldinga å legge til rette for utbygging av industriområde med tilhøyrande kai-anlegg. I kommuneplanen er område på land sett av for næringsføremål og i sjøområde er arealbruk synt som naturområde jf. kommunen sitt arealplanplankart.

Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet. Planansvarleg har plikt etter Plan- og bygningslova å legge til rette for medverknad, mens Fiskeridirektoratet sine regionkontor har plikt til å delta. Dersom vi finn at planen ikkje tek tilstrekkeleg vare på sektorinteressene Fiskeridirektoratet forvaltar, kan vi fremme motsegn til planen.

Fiskeridirektoratet region vest – innspel til planarbeide

Havforskningsinstituttet i Bergen har registrert gyteområde torsk i Helleosen mellom Toska og fastlandet, og på andre sida av Grønholmane, ca. 800 meter i luftline vest for industriområde, er det etablert eit oppdrettsanlegg med oppdrett av matfisk av laks og aure.

Vi ser ikkje at oppstart av detaljregulering vil medføre noko vesentlig konfliktpotensial i høve til arealbruk tilknytt fiske og akvakultur. Vi tek likevel atterhald for at tiltak som t.d. sprenging i sjø og strandsone, og utfylling av massar i sjøområde, vert utført på ein skånsam måte m.o.t. gytetid for torsk mellom februar og mars, og av omsyn til drift av oppdrettsanlegget.
Forslag til plan sendast Fiskeridirektoratet region vest til høyring.

Med helsing

Kari Morvik
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFO
SSEN**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest

Slottsgt. 3

5003

BERGEN

Fylkesmannen i Hordaland

Miljøvern- og
klimaavdelinga

5020

BERGEN

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Kystverket Vest

Plan- og
Kystforvaltningsavd
elingen

6025

ÅLESUND

Lingalaks AS